

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 19/841-3

Høring - ny kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:

Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget godkjenner vedlagde høyringsuttale til ny kontrollutvals- og revisjonsforskrift
2. Fylkestinget ber kontrollutvalet sende høyringsuttalen til Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Vedlegg:

- Høyringsuttale
- Høyringsbrev m/høyringsnotat frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Andre relevante dokument i saka:

- Lov om kommuner og fylkeskommuner vedteken av Stortinget 11. juni 2018

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Stortinget vedtok 11. juni 2018 ny kommunelov. Som følgje av dette, har Kommunal- og moderniseringsdepartementet sett i gang revisjon av forskriftene som høyrer til kommunelova. Departementet har med dette no sendt forslag til ny kontrollutvals- og revisjonsforskrift på høring. Denne forskrifta vil erstatte to av dagens forskrifter (kontrollutvalgsforskrifta og revisjonsforskrifta).

Høyringsfristen er sett til 2. mai 2019.

2. Vurderingar og konsekvensar

Denne forskrifta gjeld kontroll- og revisjon av fylkeskommunen. Det er då naturleg at det er kontrollutvalet som utarbeider forslag til høyringsuttale. Kontrollutvalet har ikkje delegert mynde til å gje høyringsuttaler på vegne av fylkeskommunen, og sender dermed uttalen til fylkestinget for endeleg vedtak.

3. Konklusjon

Kontrollutvalet har fått utarbeidd høyringsuttalen og rår fylkestinget til å godkjenne uttalen, og be om at den vert sendt inn som Sogn og Fjordane fylkeskommune sin uttale til denne forskrifta.